

Reguleringsplan Botneneset.

Viser til folkemøtet 6. september, der det vart oppfordra å koma med innspel til planen.

Takkar ABO for ein god jobb og fin presentasjon med utkast til reguleringsplan.

Mine innspel til reguleringsplanen:

1.

Vegutbetring og etablering av fortau mellom Sandnes skule og Bjørkeneset må vera utført før det vert gjeve innflyttingsløyve.

Grunngjaving:

Dei politiske partia jobbar for at Masfjordbrua, til 2,4mrd. kroner, må vera ferdig bygd innan utgangen av 2027. Dei same politikarane reknar då med ein stor (ukjent) auke i trafikken på fv 570.

I Bjørkeneset hyttefelt er fleire av hyttene blitt omregulert til bustader, og Kvamme byggefelt er under utbygging. Dette vil gje auke bil- og fotgjengertrafikk til og frå Sandnes sentrum.

Tiltaket vil med tanke på trafikktryggleik, vera fullt på høgde med dei andre tiltaka som er blitt utført på fv 570 dei siste åra.

Same dag som folkemøte, 6. september, erklærte Trygg Trafikk, Masfjorden kommune som trafikksikker kommune. Godt jobba og gratulerer med denne store innsatsen som er gjort av Masfjorden kommune. Som kommune bør me då vera framoverlent og visa tydeleg at me er verd den supre utmerkinga.

2.

Viser til «Framlegg til planprogram for områdeplan for Botneneset i Masfjorden kommune» og pnkt. Landbruk/jordvern.

Utgreia kor og korleis jordmassar frå området kan flyttast/leggjast slik at ein kan få godt jordbruksareal andre stadar i nærområdet. Det skal vurderast kva konsekvenser planen har for den eksisterende dyrka marka, og drøftast eventuelle avbøtande tiltak korleis jordmassar kan flyttast til anna stad som ressurs for jordbruket i bygda.

På folkemøtet fekk eg inntrykk av det var «gløymd».

Når våre «foresatte» har bedt oss om å ta vare på mest mulig av dyrka og dyrkbar areal, så får me etterleva det.

Mvh

Øystein Hagesæther